



**FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL**

# **ÅRSRAPPORT 2004**

## INNHALDSLISTE

	<b>side</b>
<b>Administrasjon – Medaljesaker, besøk fra Kongehus, apostiller</b>	<b>3</b>
<b>Tilsyn etter forureiningslova</b>	<b>4</b>
<b>Viltlova med forskrifter</b>	<b>7</b>
<b>Tvangsmedisinering</b>	<b>8</b>
<b>Bruk av tvang og makt</b>	<b>9</b>
<b>Barnevern</b>	<b>11</b>
<b>Tilsyn med familievern</b>	<b>13</b>
<b>Separasjon og skilsmisse</b>	<b>14</b>
<b>Sosiale tenester/klagesaker</b>	<b>17</b>
<b>Tilsynsverksemd etter lov om sosiale tenester</b>	<b>19</b>
<b>Vergemål</b>	<b>20</b>
<b>Klagebehandling i bygge- og frådelingssaker</b>	<b>21</b>
<b>Klage over reguleringsplan</b>	<b>22</b>
<b>Klagebehandling alkohollova og offentlegheitslova</b>	<b>23</b>
<b>Samfunnstryggleik og beredskap</b>	<b>24</b>
<b>Få klagesaker på landbruksområdet</b>	<b>26</b>
<b>Utdanning – klage og tilsynssaker</b>	<b>27</b>

## Administrasjon

### Kongens fortjenstmedaljer

Innvilga	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Sølvmedaljer	6	11	11	17	13	8	7	7	10	11
Gullmedaljer	2	0	6	1	1	3	2	1	6	6

### Den Kongelige Norske St. Olavs Orden

1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
0	0	0	0	0	0	0	1	0	0

### Besøk frå Kongehuset 2004

**Statsbesøk i Giske/Ålesund:** President Jorge Sampaio og fru Ritta fra Portugal saman med Dronning Sonja og prinsesse Märtha Louise besøkte Ålesund 5. februar 2004.

**Opning av Bjørnsonfestivalen, Molde:** Prinsesse Märtha Louise opna Bjørnsonfestivalen 25. august 2004.

**Statsbesøk i Giske/Ålesund/Hjørundfjorden:** President Carøp Azeglio Chiampi og fru Franca frå Italia saman med Kong Harald og Dronning Sonja besøkte Hjørundfjorden 23. september 2004.

Begge dei to statsbesøka til Norge i 2004 besøkte såleis vårt fylke.

**Markering av Prosjekt Nye Sunndal:** Kronprins Haakon opna det nye anlegget til Hydro Aluminium, Sunndal 4. november 2004.

### Apostiller

1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
324	266	245	306	422	539	596	506	742	891

Ved påføring av apostille stadfestar fylkesmannen offentlege dokument som skal nyttast i land som har slutta seg til Haag-konvensjonen. Apostillen stadfestar Notarius Publicus si underskrift, at vedkomande er innehavar av den stilling som er opplyst i dokumentet og at vedkomande dermed har rett til å skrive ut eit slikt dokument.

**Kontaktpersonar:** Fylkesmann Ottar Befring, 71 25 84 41  
Ass. fylkesmann Kjeld Brecke, 71 25 84 42  
Førstekonsulent Synnøve Ulleland, 71 25 84 73

## Tilsyn etter forureiningslova

Dei fleste tilsyna etter forureiningslova har vore gjennomført i samband med tre landsomfattande kontrollaksjonar samordna av Statens forureiningstilsyn, SFT. Desse aksjonane omfatta:

- Farleg avfall
- Impregnert trevirke (CCA/kreosot)
- Kjemisk overflatebehandling av metall (galvano/varmforsinking/avfeiting)

I tillegg har vi gjennomført eigne tilsyn av løyve der Møre og Romsdal fylke er forureiningsstyresmakt:

- Mudre- og dumpeløyve
- Kasserte køyrety (biloppsamlingsplassar)

Kontrollomfanget har utgjort vel 0,6 årsverk. I tillegg har vi gått gjennom årsrapportar frå rapporteringspliktige verksemder med løyve, og gjeve tilbakemeldingar på desse (0,1 årsverk).

Ingen blei meldt til politiet på grunnlag av funn under kontrollane.

### **Kontrollaksjon Farleg avfall (månadskiftet mars/april)**

Denne aksjonen retta seg mot kommunal innsamling av farleg avfall, både dei små ubemanna «Skvetten»-containerane og bemanna mottak. Det vart kontrollert 20 kommunar/ kommunale/ interkommunale selskap og 4 andre verksemder. I omlag halvparten av kommunane fann vi farleg avfall som ikkje var lagra i samsvar med forskrifta, det vil stort sett seie at det var farleg avfall lagra på utsida av containeren. Farleg avfall skal vere lagra i lukka container, men i fire av kommunane var dei ubemanna containerane opne. Det var heller ikkje kontaktperson i nærleiken som hadde oppsyn med dei. Lett tilgang til containerane for publikum for enkel levering må vurderast opp mot at dei bør vere låst av tryggingssyn. Dette er diskutert på eit møte i haust med dei aktuelle aktørane utan at vi er komne til eit endeleg resultat.

Samtidig med kontrollen innhenta vi opplysningar om korleis dei ulike kommunane orienterte publikum om PCB-haldig avfall og impregnert trevirke, og kvar dei kunne bli kvitt den type avfall. Det var berre ved dei bemanna mottaka det var mogleg å levere denne type avfall.

### **Kontrollaksjon Impregnert trevirke (ei veke midt i mai)**

Denne aksjonen var ei oppfølging av tilsvarande aksjon i fjor, men omfatta i år og kreosot-impregnert trevirke. Målsetjinga var å førebyggje ulovleg omsetjing av trevirke og ferdigprodukt som er impregnert med krom og arsen, og førebyggje ulovleg bruk og gjenbruk av kreosotimpregnert trevirke. Aksjonen retta seg mot trevareutsal som ikkje var kjedetilknyppta, verksemder som hadde avvik ved forrige aksjon og andre hagesenter og byggvareforretningar som omset impregnert trevirke og ikkje vart kontrollert i 2003.

Vi kontrollerte 16 verksemder der ei var oppfølging frå forrige aksjon. Ved 12 stader var det ingen eller dårleg merking av produkt som var impregnert med kopar, men på tre av stadane blei merkinga gjennomført under kontrollen.

### **Kontrollaksjon Kjemisk overflatebehandling av metall (månadsskiftet oktober/november)**

Denne aksjonen retta seg mot verksemder i bransjar med kjemisk overflatebehandling av metall. Dette omfatta både verksemder som har utsleppsløyve og verksemder som ikkje treng utsleppsløyve I alt vart det kontrollert 10 verksemder med aktivitet som kjemisk/biologisk avfetting, varmforsinking, pulverlakkering og galvano (fornikling, forkromming, forkopring). Kontrollen omfatta risikokartlegging og beredskap mot akutt forureining, drift av reinseanlegg, og lagring og levering av farleg avfall. Kontrollane vart samordna med Arbeidstilsynet sin aksjon retta mot tilsvarande bransjar, og ei verksemd vart kontrollert samtidig av Arbeidstilsynet og Fylkesmannen.

Resultata frå kontrollane syner at verksemdene i hovudsak har god beredskap mot akutt forureining. Det same gjeld dei fleste verksemdene med løyve til utslepp (vassutslepp). Nokre verksemder har lukka prosess og såleis ikkje regulære utslepp. Det er likevel eit par verksemder med avvik innanfor desse områda.

Med omsyn på farleg avfall var resultata diverre meir nedslåande. Her vart det påvist eit eller fleire avvik i høve lagring, merking eller levering for heile 6 av 10 verksemder. Fleire av desse omfatta merking, men det var og ein del som ikkje ver kjent med eller overheldt leveringsplikta.

Vi vil leggje ut meir informasjon om denne kontrollen på heimesidene våre på nyåret.

### **Mudre- og dumpeløyve**

Vi har gjennomført kontroll av eit løyve i 2004, og vore på synfaring på eit par i tillegg. Erfaringa er at vi bør fylgje opp desse løyva grundigare ettersom dei kan vere kompliserte, og ofte er det mange underleverandørar med i arbeidet. Dette har vi sett opp som prioriteringsområde for 2005, med målsetjing å kontrollere dei fleste mudre- og dumpeløyva.

### **Kasserte køyrety (biloppsamlingsplassar)**

I 2004 har vi kontrollert 3 mottak for kasserte køyrety, og våre på synfaring på ein ny lokalitet det er søkt om nytt løyve for. Kontrollane vart sett i gong på eige initiativ i samband med fornying av gjeldande løyver etter ny forskrift. Kontrollen omfatta vilkår for mottak og miljøsanering av kasserte køyrety etter forskrift og løyve, og gjennomgong av teknisk krav for å kunne få fornya løyve.

Resultata frå kontrollane viser at alle har mangelfulle rutinar med omsyn på nye krav til kva for komponentar som skal plukkast ut før pressing. Dette gjeld i hovudsak kvikksølvhaldige komponentar og komponentar med høgt blyinnhald. Elles har alle verksemdene avvik når det gjeld tømning, lagring eller levering av farleg avfall. Dei viktigaste manglane gjeld farlege væsker som «spillolje», bremsevæske og kjølevæske.

Vi legg og til at med eitt unntak oppfyller ikkje dei kontrollerte verksemdene dei nye tekniske krava i forskrifta med omsyn til krava om fast, tett dekke for delar av området. Dette er ikkje eit kontrollspørsmål, men vil vere eit vilkår for å få fornya løyve. Desse verksemdene har likevel konkrete planar for å sikre at nytt dekke kjem på plass før sommaren.

**Tabell 1****Oversikt over tilsyn etter forureiningslova utført av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2004.**

<b>Bransje/kontrollområde</b>	<b>Kontrollerte verksemder</b>
Kjemisk overflatebehandling av metall	10
Mottak av kasserte køyrety	3
Farleg avfall	24
Impregnert trevirke	16
Dumping og mudring	1
<b>Samla tal på tilsyn etter forureiningslova</b>	<b>54</b>

Kontaktpersonar: Overingeniør Bjørn Rusken tlf 71 25 84 69  
Overingeniør Reidun Sem Kallestad, tlf 71 25 84 70

## Viltlova med forskrifter – klagebehandling

Dei siste åra har vi behandla 10 – 30 klagesaker etter viltloven pr år. **I 2004 behandla vi 15 klager.** Sakene kjem i hovudsak innafør temaet hjorteviltforvaltning. Typisk er det med klage på godkjenning av vald. (vald = område godkjend av kommunen for jakt etter hjortevilt; dvs elg, hjort og/eller rådyr) Det kjem og ein del klager på at tildelt fellingskvote, spesielt på hjort, er for lita.

2 av dei innkomne klage blei avviste fordi vedtaka som det var klaga på ikkje var enkeltvedtak, og følgjeleg heller ikkje var påklagbare. I dei resterande 13 sakene blei kommunane sine vedtak stadfesta. Det vil seie at ingen klager blei tekne til følgje i 2004.

Dette viser at kommunane i all hovudsak kjenner til og praktiserar viltloven med forskrifter på ein tilfredsstillande måte. Innafor hjorteviltforvaltninga har kommunane rom til å utvise skjønn så lenge dei arbeidar i tråd med dei overordna nasjonale måla som er sett. Resultatet av klagebehandlninga viser at kommunane i desse sakene har halde seg innafør det som dei har av rom for skjønnsutøving.

Vi må likevel vedgå at det i ein skilde kommunar er permanent eller periodisk manglande kompetanse innafør viltforvaltning. Kwart år får vi løyst nokre saker før dei blir til klagesaker ved at vi tek direkte kontakt med kommunen for å informere, rettleie og eventuelt instruere i korleis sakene skal behandlast.

Tal og utfall på klager etter viltloven 2004 fordelt på kommunar:

<b>Kommune</b>	<b>Tal klagesaker</b>	<b>Vedtak stadfesta</b>	<b>Klage avvist</b>
Herøy	1	1	
Ulstein	2	2	
Hareid	1	1	
Ørsta	3	3	
Stranda	2	1	1
Haram	1	1	
Rauma	2	1	1
Sandøy	1	1	
Gjemnes	1	1	
Aure	1	1	
<b>S U M</b>	<b>15</b>	<b>13</b>	<b>2</b>

Kontaktperson: Seksjonssjef Trond Haukebø  
Viltforvaltar Ulf Lucasen

71258427  
71258859

## **Tvangsmedisinering – klagesaker**

Fylkesmannen har i 2004 fått melding om at det har vore fatta 101 vedtak om tvangsmedisinering etter psykisk helsevernlova. Vedtaka har vedrørt 67 ulike pasientar.

Det har kome inn til fylkesmannen klage over 32 av vedtaka. Av desse vart det i 5 av sakene gitt heilt eller delvis medhald, medan 27 ikkje fekk medhald i klaga.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for klagene var 4 dagar.

Kontaktperson: Rådgivar Rolf Toven, tlf 71 25 86 41



## **”RETTSSIKKERHET VED BRUK AV TVANG OG MAKT OVERFOR ENKELTE PERSONER MED PSYKISK UTVIKLINGSHEMMING”**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser ei positiv utvikling som følge av innføringa av reglane i sosialtenestelova som regulerer bruk tvang og makt overfor menneske med psykisk utviklingshemming.

Dei tala som ligg føre viser at det har vore ein nedgang i bruk av tvang og makt. Det kan vere fleire årsaker til dette. Ei årsak kan vere auka merksemd om bruk av tvang og makt, med tilhøyande refleksjon og haldningsendring. Ei anna årsak til nedgangen i tvangsbruk kan vere at sosialtenestelova kapittel 4A representerer store utfordringar til tenesta mellom anna når det gjeld utprøving av andre løysingar, faglege utgreiingar, sakshandsaming og krav til kompetanse.

**Det er store skilnader mellom kommunane i fylket når det gjeld arbeidet med å avgrense bruk av tvang og makt.**

Stortinget vedtok 19. juni 1996 kapittel 6A i lov om sosiale tenester, og kapittelet vart sett i verk frå 1. januar 1999. Kapittel 6A var mellombels fram til 31. desember 2003. Frå 01.01.2004 kom sosialtenestelova kapittel 4A: ”Rettsikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming.” Kapittel 4A er ikkje tidsavgrensa.

Siktemålet med sosialtenestelova kapittel 4A er å betre rettstryggleiken til menneske med psykisk utviklingshemming og å redusere bruken av tvang og makt. I arbeidsprosessen fram mot eventuelle vedtak om bruk av tvang er det ei sterk vektlegging på å finne fram til bruk av andre løysingar enn tvang og makt.

I samband med sosialtenestelova kapittel 4A skal fylkesmannen gje rettleiing og opplæring til kommunane, overprøve vedtak, handsame klagesaker, gje dispensasjon frå krav til utdanning og føre tilsyn med tiltak etter kapittel 4A.

### **Nedgang i talet på meldingar om bruk av skadeavverjande tiltak i enkelthøve**

Med skadeavverjande tiltak i enkelthøve, jf. § 4A-5, 3.ledd bokstav a meiner vi tiltak for å hindre eller avgrense vesentleg skade i naudsituasjonar.

I dei tala som ligg føre kan ein sjå vi nedgang i talet på slike meldingar. I 2004 mottok fylkesmannen slike meldingar i høve til 46 personar. Til samanlikning mottok fylkesmannen meldingar i høve til 52 personar i 2003, 57 personar i 2002, 62 personar i 2001 og 100 personar i 2000. Nedgangen skuldast i stor grad at kommunane har fatta vedtak om bruk av tvang og makt.

### **Auke i talet på vedtak om bruk av tvang og makt**

Det er auke i talet på vedtak som gjeld planlagde skadeavverjande tiltak i gjentekne naudsituasjonar, jf. § 4A-4, 3.ledd bokstav c, og tiltak for å dekkje tenestemottakaren sine grunnleggjande behov, jf. § 4A-4, 3.ledd bokstav c. Dette er vedtak som fylkesmannen godkjenner for inntil 12 månader om gongen.

Fylkesmannen har godkjent slike tvangstiltak i høve til 50 personar i 2004.

## **Det er søkt om mange dispensasjoner frå utdanningskrava**

I høve til vedtak om bruk av tvang og makt er det krav om at det skal vere to tenesteytarar til stades, og det er særskilde krav til utdanning ved gjennomføring av tiltak. Fylkesmannen kan gje dispensasjon frå kravet om utdanning.

I 2004 har fylkesmannen innvilga søknader om dispensasjon i høve til 37 saker. Det indikerer at kommunane i fylket kan ha vanskar med å skaffe formelt kvalifisert personale i høve til omsorga for menneske med psykisk utviklingshemming.

## **Tilsyn**

Fylkesmannen har i 2004 gjennomført 10 tilsyn i saker der det er bruk av tvang og makt.

## **Kurs**

Fylkesmannen har arrangert dagskurs i Ålesund, Molde og Kristinasund i samband med innføring av nytt kapittel 4A i sosialtenestelova.

Kontaktpersonar:	Rådgivar Hilde Støen	71 25 84 54
	Førstekonsulent Marit Vestad	71 25 84 18
	Rådgivar Janne Bjørnsnøs	71 25 84 59

# BARNEVERN

## **Tilsyn med barneverntenesta i kommunane**

Etter barnevernlova skal fylkesmannen føre tilsyn med at kommunane utfører pålagde oppgåver. Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å følgje med i om kommunane held reglane om fristar for arbeidet med undersøkingssakene. Når kommunane ikkje held saksbehandlingsfristane skal fylkesmannen etterspørre årsaker, evtnt gi råd og rettleiing gjennom tilsynsbesøk, og kan eventuelt gi mulkt dersom situasjonen ikkje betrar seg.

Fylkesmannen har i 2004 gjennomført tilsyn med barneverntenesta i Giske, Fræna og Volda med bakgrunn i fristoverskridingar. Hareid, Vestnes, Frei, Surnadal, Ålesund og Ulstein var kommunar som med bakgrunn i mange fristoverskridingar fekk brev frå fylkesmannen.

Barne og familiedepartementet påla fylkesmannen å gjennomføre systemtilsyn med 3 kommunar i 2004. Tema for tilsynet var kommunane sitt arbeid med oppfølging av barn som er flytta ut av heimen. Systemrevisjon som vart gjennomført i Surnadal og Herøy kommunar viste mellom anna at desse kommunane i langt dei fleste sakene følgjer lova sine krav innan dei aktuelle områda.

## **Klager**

I 2004 mottok fylkesmannen 13 klager innan barnevernområdet. 5 saker gjaldt vedtak etter barnevernlova § 4-4. Av desse vart to klager avvist, ei sak falt bort og i to tilfelle vart vedtaket stadfesta. Ingen av klagene kom frå ungdom som ønskte hjelpetiltak. Dei 8 øvrige klagene omhandla ulike tilhøve ved barnevernverksemda i kommunane. Desse behandla fylkesmannen ut i frå tilsynsansvaret.

## **Tilsyn med barneverninstitusjonar**

Etter barnevernlova kapitel 5 skal fylkesmannen føre tilsyn med statlege barneverninstitusjonar og private og kommunale barneverninstitusjonar som er godkjent av statleg styresmakt (BUFetat). Staten (BUF-dir og BUF-etat) tok over ansvaret for offentlege barneverninstitusjonar (som tidlegare var fylkeskommunen sitt ansvar) frå 1.1.2004. Frå same tidspunkt vart regelverket som regulerer tilsynet noko endra. Etter gjeldande regelverk skal fylkesmannen føre individtilsyn ved kvar institusjon 2 gonger pr år / 4 gonger pr år for dei institusjonane som tek imot ungdom etter tvangsparagrafane i barnevernlova. Dette tilsvarar for Møre og Romsdal 23 lovpålagde individtilsyn for 2004. I tillegg skal det førast eit tilsyn etter systemrevisjonsmetoden i kvar institusjon pr år.

I Møre og Romsdal er det 7 barneverninstitusjonar som fylkesmannen fører tilsyn med. Av desse er 2 private. Fylkesmannen gjennomførte 25 tilsynsbesøk (individtilsyn) i 2004. I 4 av institusjonane vart det også gjennomført systemtilsyn.

Fylkesmannen skriv eiga årsmelding vedkomande tilsynet med barneverninstitusjonar.

## **Informasjons og kompetansetiltak**

I 2004 tok staten over det som tidlegare var fylkeskommunen sitt ansvar på barnevernområdet. Statens barnevern og ungdomsvern (SBF) - som seinare vart endra til Barne Ungdoms og Familiedirektoratet med underliggende regionale etatar – vart oppretta. I mars 2004 samarbeidde vi med regionråda i fylket og med den nye statlege organisasjonen om å arrangere to store dagskonferansar for kommunane. Ordførarar, rådmenn, tilsette i barnevernet, politikarar og andre interesserte vart inviterte til å sette *Barnevern i fokus!* I Ålesund samlast 94 og i Molde 76 personar til informasjon og dialog om emnet.

Ein samarbeidskomite sto også bak *Barnevernkonferansen 2004: Barnevern i endring – nye tilnæringsmåtar og nye utfordringar*. 140 deltakarar frå kommunal barnevernteneste og frå barneverninstitusjonar i regionen samlast i Geiranger 15. – 17. september, og fekk møte barneverndirektør Ann-Marit Sæbønes, barneombud Reidar Hjermann, filmskapar Margreth Olin med fleire.

I november 2004 vart det arrangert 2 kurs for tilsynsførarar – i Molde og Sula – som samla til saman 53 deltakarar.

Den 3. desember vart det gjennomført fylkeskonferanse om oppfølging av barn i barnevernet. Denne vart arrangert i samarbeid med Barne og familiedepartementet, og samla 63 deltakarar frå kommunane i Møre og Romsdal.

Kontaktperson: rådgivar Eli Karin Walle, tlf 71258458

## Tilsyn med familievernet

Lov om familievernkontor § 3 første ledd gjev heimel for fylkesmannen sitt tilsyn med familievernkontora. Formålet med tilsynet er å sikre at lover og regelverk blir følgd. Det er vidare å følgje opp informasjon som gjev grunnlag for tilsyn, og å behandle skriftlege og muntlege klager frå brukarar av familievernet.

Fylkesmannen har ført tilsyn med dei tre familievernkontora i vårt fylke. Familievernkontora ligg i Ålesund, Molde og Kristiansund. Det er gjennomført eit tilsynsbesøk ved kvart av dei tre familievernkontora i 2004.

Tilsyna vart gjennomført ved anmeldte besøk av to medarbeidarar fra Sosial- og familieavdelinga hos fylkesmannen. Tilsynet møtte både leiar og andre tilsette ved familievernkontora.

Vi gjekk gjennom desse tilhøva under tilsynsbesøka:

- Ny organisering av familievernet
- Utadretta verksemnd
- Organisering av kontoret, personalsituasjon, organisering og rutiner
- Oppfølging av førre tilsyn

Fylkesmannen hatt også hatt kontakt med familievernet gjennom oppfølging av meklingsordninga og det årlege oppfølgingskurset for alle meklarane i fylket.

Fylkesmannen sitt generelle inntrykk er at kontora er veldrevne, har god fagleg kompetanse, og eit høgt aktivitetsnivå. Kontora held dei fristane som er fastsett for . meklingsordning og ventetid. Personalsituasjonen er stort sett stabil ved kontora. Val av intern organisering og rutiner ser ut til å fungere bra.

Kontaktperson: Førstekonsulent Marit Vestad tlf. 71 25 84 18

## SEPARASJON OG SKILSMISSE

ÅR	SEPARASJON	SKILSMISSE	EKTESKAP INNG.(Mannens bostedsadr.)
2004	537	499	
2003	638	436	1058
2002	609	482	1095
2001	541	428	1003
2000	523	407	1187

På grunn av at fylkesmannen fekk nytt sep/skil datasystem den 18.02.2003 så er det kun talet på separasjonsløyve og skilsmisселøyve som kan takast ut.

Det gamle datasystemet er ikkje konvertert over til det nye systemet, og det kan derfor ikkje takast ut alle opplysningar som vi tidligere år har teke ut. Det manglar opplysningar frå dei to første månadane av 2003.

### BARN UNDER 18 ÅR SOM BLIR RÅKA AV SEPARASJON:

2004	718
2003	Ikkje tilgang til tala
2002	812
2001	749
2000	706

### SEPARASJONSLØYVER - REGIONVIS OVERSIKT OVER TAL

REGION	2000	2001	2002	2003	2004
SUNNMØRE	262	272	315	Ikkje tilgang til tala	273
NORDMØRE	128	134	148		131
ROMSDAL	129	133	137		128

## SKILSMISSELØYVE - KOMMUNEVIS

	2000	2001	2002	2003	2004
Ålesund	71	80	87	Ikkje tilgang til tala	69
Molde	35	60	53		53
Kristiansund	36	24	33		38
Vanylven	4	6	4		3
Sande	4	1	5		3
Herøy	13	7	9		9
Ulstein	12	13	15		15
Hareid	7	3	15		11
Volda	10	12	11		26
Ørsta	11	19	12		17
Ørskog	4	1	2		5
Norrdal	1	2	3		1
Stranda	7	8	10		3
Stordal	1	2	3		2
Sykkylven	18	15	16		14
Skodje	7	4	8		11
Sula	7	7	16		8
Giske	7	7	7		16
Haram	11	10	10		24
Vestnes	9	12	12		10
Rauma	7	15	17		12
Nesset	3	3	1		2
Midsund	0	3	6		6
Sandøy	1	1	5		0
Aukra	7	5	4		11
Fræna	14	21	23		23
Eide	9	3	7		9
Averøy	14	20	9		17
Frei	11	8	12		13
Gjemnes	9	6	6		9
Tingvoll	6	5	8		9
Sunndal	15	18	12		6
Surnadal	8	9	12		17
Rindal	0	3	0		3
Aure	5	4	4		4
Halsa	2	4	4		5
Tustna	3	0	3		2
Smøla	3	4	6		6

## **GODKJENNING AV UTENLANDSKE SEPARASJONER OG SKILSMISSER**

### **TAL PÅ GODKJENTE UTENLANDSKE SKILSMISSESAKER**

2004	51
2003	63
2002	60
2001	30
2000	29

### **TAL PÅ KVEN SOM SØKER OM SEPARASJON**

	<b>2000</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>
<b>MANNEN</b>	<b>34</b>	<b>36</b>	<b>29</b>	Ikkje tilgang til tala	<b>32</b>
<b>KVINNEN</b>	<b>93</b>	<b>75</b>	<b>100</b>		<b>70</b>
<b>FELLES</b>	<b>392</b>	<b>424</b>	<b>473</b>		<b>429</b>

**Kontaktperson: Rådgivar Margrethe Rørvik Kristiansen, tlf. 71 25 84 60**



## Sosiale tenester/klagesaker

Fylkesmannen har pr. 31.12.04 motteke 269 klager etter sosialtenestelova. I løpet av året har vi behandla 245 klager.

Av desse sakene gjaldt:

- **148 økonomisk stønad**
- **76 sosiale tenester**
- **14 betaling for institusjonsopphald (aldersheim, sjukeheim og rusinstitusjon)**
- **7 diverse**

Sosialdepartementet har i tildelingsbrevet til fylkesmannen sett som mål at saksbehandlingstida bør vere under 3 månader. Saksbehandlingstida i 2004 har i gjennomsnitt vore 88 dagar.

### Resultatet av klagebehandlinga:

**Stadfesta: 164**  
**Oppheva: 50**  
**Omgjort: 21**  
**Returnert 9**  
**Avvist: 1**

**I saker etter kap. 5 i sosialtenestelova** (økonomisk sosialhjelp) har 116 vedtak (78 %) blitt stadfesta, 23 vedtak (16%) oppheva, 7 vedtak (5%) omgjort og 2 vedtak returnert (1%) .

Årsaka til dei fleste omgjeringsane er at det er nytta normer for utmåling av økonomisk sosialhjelp som er lågare enn dei statlege rettleiande normene, samtidig som det ikkje er gjort ei individuell vurdering som viser at klagar burde kunne klare seg med mindre pengar enn det desse normene legg opp til.

**I saker etter kap. 4 i sosialtenestelova** ( praktisk bistand og opplæring, avlastningstiltak, støttekontakt, plass i institusjon og omsorgslønn) har 33 vedtak (43%) blitt stadfesta, 25 vedtak (33%) oppheva, 11 vedtak (15%) omgjort og 7 vedtak (9%) avvist eller returnert.

Årsaka til omgjeringsane er at tenestetilbodet har lege under eit forsvarleg minstenivå. Årsakene til oppheving er manglande opplysningar og kartlegging av behov frå kommunen si side. Fleire av personane desse sakene gjeld er sterkt hjelpetrengjande på grunn av alder eller funksjonshemming. Dei har eit samansett og omfattande hjelpebehov. Det er særskilt viktig at desse blir sikra eit forsvarleg hjelpetilbod.

### Oversikt over mottekne klagesaker dei siste 5 åra:

2004	2003	2002	2001	2000
269	283	275	273	277

Helse- og sosialavdelinga har i 2004 arrangert fleire konferansar, mellom anna innan gjeldsrådgiving, rusbehandling, psykiatri, kartleggingsverktøy for sosialtenesta (KIS) og samordning av sosialtenesta, aetat og trygdekontoret.

Fylkesmannen vil halde fram med å gi opplæring til kommunane slik at denne blir betre og at brukarane av tenestene kan bli sikra eit forsvarleg hjelpetilbod.

Kontaktpersonar: Rådgivar Kjell Iversen tlf. 71 25 85 29  
Avd. direktør Sissel Tho tlf. 71 25 84 51

## Tilsynsverksemd etter lov om sosiale tenester

Fylkesmannen skal etter § 2-6 i sosialtenestelova føre tilsyn med kommunen si verksemd etter kapitla 4, 4A, 6 og 7 og sjå til at verksemda vert driven i samsvar med lova og forskriftene til lova.

Statens helsetilsyn har det overordna faglige ansvar for tilsyn etter sosialtenestelova. Dei vedtok at alle fylkesmenn i 2004 skulle gjennomføre tilsyn i minst tre kommunar der tema for tilsynet var tenestetilbodet etter kapittel 4 til rusmiddelmissbrukarar. Som metode for tilsyna skulle vi bruke systemrevisjon. I dette fylket vart det gjennomført tilsyn i kommunane Averøy, Sunndal og Sula. Tilsynet tok utgangspunkt i lova sine krav om opplysning, råd og rettleiing, praktisk bistand, støttekontakt, plass i institusjon og mellombels bustad til rusmiddelmissbrukarar. Det vart vidare fokusert på oppfølging i behandlingssopplegg og ved avslutning av eit opphald i institusjon.

I tillegg til dei 3 landsdekkande tilsyna vart det i 2004 ført tilsyn som systemrevisjon i Halså, Ålesund og Ørskog kommune. I desse kommunane fokuserte fylkesmannen på tenestetilbodet og saksbehandlninga ved tildeling av praktisk bistand, avlastning og støttekontakt.

Når det vert ført tilsyn som systemrevisjon tek vi utgangspunkt i dei krav som er sett i regelverket. Rapporten som vert skriven etterpå omhandlar avvik og merknader som er avdekte under revisjonen. Avvik er definert som mangel på oppfylling av krav frå styresmaktene. Merknad er tilfeller som ikkje kjem inn under definisjonen av avvik, men der tilsynet avdekkjer tilhøve som på sikt kan føre til avvik dersom verksemda ikkje betrar tilbodet. Ein rapport vil ikkje omhandle det som er bra i verksemda.

Der tema for tilsynet var tenestetilbodet etter kapittel 4 til rusmiddelmissbrukarar, vart det avdekkja 5 avvik og funne grunnlag for 3 merknader. I ein kommune vart det gitt avvik om at kommunen ikkje har innretta dei sosiale tenestene slik at dei er eit reelt og tilgjengeleg tilbod til alle rusmiddelmissbrukarar. Eit anna avvik var at kommunen ikkje sikrar at dei rusmiddelmissbrukarar som har fått innvilga vedtak om støttekontakt faktisk får dette tilbodet.

Når det gjeld dei andre 3 tilsyna vart det gitt tilsaman 12 avvik og funne grunnlag for 2 merknader. Dei fleste avvika omfatta brot på saksbehandlingsreglar.

Rapportane frå tilsyna er lagt ut på heimesida til fylkesmannen.

For å kontrollere at avvika blir retta opp, er kommunane bedne om å sende ein skriftleg tilbakemelding til fylkesmannen der kommunen stadfester at alle forhold er/vil bli retta opp og gjere greie for dei tiltak som er/blir gjennomførde. Det er først når fylkesmannen finn at avvika er retta opp at tilsynet er avslutta.

I tillegg til ovannemnde tilsyn har fylkesmannen på bakgrunn av opplysningar som er framkomne gjennom til dømes enkelte klagesaker og media, ført tilsyn der vi har hatt møte med leiinga i kommunen eller i form av brevveksling.

Kontaktperson: Rådgivar Christine Colban, tlf 71 25 85 37

## Vergemål

Fylkesmannen har tilsyn med overformynderia i Møre og Romsdal. I tillegg er fylkesmannen klageinstans når det gjeld enkeltvedtak fatta av overformynderia.

Ein vesentleg del av tilsynet med overformynderia skjer gjennom desisjon av overformynderirekneskap. Fylkesmannen skaffar seg også kunnskap om handtering av vergemålslova og praktiseringa av denne gjennom klagesaksbehandling og ved at offentlege og private personar tek kontakt med fylkesmannen.

Fylkesmannen har merka seg eit behov for større juridisk kompetanse blant overformynderane då fleire av sakene er meir komplekse enn tidligare. Det har også i år 2004 vore ei auka etterspørsel frå pårørande om forskot på arv. Fylkesmannen har også merka seg at det i mange av overformynderia framleis ikkje er heilt tilfresstillande kjennskap til forvaltningslova og at det ikkje blir fatta vedtak i alle saker.

Då fylkesmannen skal rettleie og styrke kompetansen i overformynderia og sørge for at rettstryggleiken til hjelpeverjetrengande og umyndige blir ivareteken på ein god måte, har vi følgd dette særskilt opp med rettleiing og ved å halde kurs for alle overformynderia våren 2004.

Kontaktperson: Rådgivar Christine Colban, tlf 71 25 85 37

## Klagebehandling i bygge- og frådelingssaker

Saksmengde innafor dette fagområdet er svakt aukande frå 2003. Av 166 klagesaker til behandling i 2004 vart 15 vedtak oppheva. 18 vedtak vart endra, medan 3 vedtak vart avvist. 130 klager på kommunane sine vedtak vart stadfesta.

Saksbehandlingstida for bygge- og frådelingssaker er for tida i overkant av 3 månader.

	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Stadfesta	139	107	121	101	116	130
<b>Oppheva / endra</b>	51	34	24	37	24 / 13	33
<b>Avvist</b>	5	7	8	5	5	3
<b>Totalt</b>	145	148	153	143	158	166

Klagebehandlinga omfattar alle sider ved saka; både korleis lova er bruka, saksbehandlinga og kommunen si skjønnsvurdering. Dei klagene som blir tatt til følgje gjeld i hovudsak der kommunen har gitt dispensasjon anten frå arealplan eller reglar i plan- og bygningslova.

Vi har i år sett ein viss auke i talet på klager som vert tatt til følgje i høve til tidlegare år. I slike tilfelle vil det vere enten naboar eller offentlege myndigheiter som klagar på at det er gitt dispensasjon. Det har og vore ein del saker der kommunen har gitt løyve til bygging utan å ha vurdert dispensasjon på tross av at tiltaket var i strid med lovreglar eller arealplanar.

I 2003 kom det endringar i plan- og bygningslova som set fristar for kommunane og fylkesmannen si saksbehandlingstid etter plan- og bygningslova. Det er for tidleg å sjå konsekvensane av desse endringane. Når tempoet blir skrudd opp i desse sakene, er det auka fare for at viktige interesser kan bli oversett. Dette inneber ei stor utfordring for kommunane, og det blir særleg viktig for fylkesmannen i framtida å sjå til at rettstryggleiken ikkje blir svekka når tempoet blir auka.

**For meir informasjon: Avdelingsdirektør Marit Heggstad, tlf 71 25 84 47**  
**Seniorrådgivar Helge Mogstad, tlf 71 25 84 44**

## Klage over reguleringsplan

År	Behandla saker	Stadfesta	Oppheva	Avvist
2002	21	16	4	1
2003	22	20	2	0
2004	26	19	7	0

Siste året er det behandla 26 saker som er noko fleire enn i 2003. Klagesakene på reguleringsplanar i 2004 har vore kjenneteikna av fleire store og komplekse saker.

Som utgangspunkt blir sakene tatt opp til behandling/avgjerd innan 4 månader etter at dei har kome hit.

Ei klagebehandling omfattar både saksbehandlinga, lovbruken og kommunen si arealbruksvurdering. Det er likevel slik at så lenge som kommunen har oppfylt dei omfattande saksbehandlingsreglane som gjeld for reguleringsplanar og dessutan ikkje har gjort feil i lovbruken, skal det ein del til for at ei klage skal bli tatt til følgje på grunn av at nokon ikkje aksepterer kommunestyrets vurdering av kva som er mest tenleg arealbruk.

Ei stor utfordring for kommunane ved behandling av slike saker vil vere å dokumentere at det er gjort ei tilfredsstillande vurdering av merknader til eit planforslag t. d. frå grunneigarar. Vidare må kommunen også grunngje dei resultat kommunen kjem fram til etter ei avveging av dei ulike interesser som kan vere synleggjort i ei planutarbeiding. Ved godkjenning av ei reguleringsplan er det ein føresetnad at det kan dokumentarast ei interesseovervekt til fordel for planlagt arealdisponering. Det må såleis gjerast greie for at gagn ved tiltak er større enn ulempene for berørte interesser. Vidare vil det vere ei klår utfordring for kommunane å leggje til rette for aktiv medverknad ved regulering i allereie utbygde område, noko som plan- og bygningslova set krav om.

**For meir informasjon: Seniorrådgivar Sverre Dyrhaug, tlf 71 25 84 46**  
**Avdelingsdirektør Marit Heggstad, tlf 71 25 84 47**

## **Klagebehandling etter alkohollova**

Fylkesmannen er klageinstans etter alkohollova for kommunane sine vedtak om sal og skjenking av alkohol. I 2004 behandla fylkesmannen 9 klager etter alkohollova. Alle vedtaka vart stadfesta. I behandlinga av saker etter alkohollova har kommunane stor grad av fridom til å avgjere kor mange skjenke- og salsløyver for alkohol det skal vere i kommunen, og korleis alkoholpolitikken skal utformast. Kontrollen frå fylkesmannen vil derfor i stor grad vere å sjå til at vedtaket er blitt til på lovleg måte og at det har eit rett innhald.

**For meir informasjon: Rådgivar Laila P. Kaland, tlf 71 25 84 38**  
**Seniorrådgivar Helge Mogstad, 71 25 84 44**

## **Klagebehandling etter offentlegheitslova**

I 2004 har fylkesmannen behandla to klager over avslag frå kommunane om å gje innsyn i dokument. Ei av klagen vart teke til følgje. Fylkesmannen har i 2004 gjeve tre uttaler knytt til forståinga av offentlegheitslova. Dette har vore i samband med avslag på innsyn i søkjarlister til leiande stillingar i kommunane. Spørsmål kring innsyn i søkjarlister er ei problemstilling som ofte byr på vanskelege vurderingar for kommunane, og der pressa viser ei stor interesse i å få innsyn.

**For meir informasjon: Rådgevar Åge Hammervik, tlf 71 25 85 35**  
**Seniorrådgivar Helge Mogstad, 71 25 84 44**

## Samfunnstryggleik og beredskap

Det overordna målet for fylkesmannen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er at Møre og Romsdal skal vere eit trygt og robust samfunn. På lokalt nivå skal fylkesmannen sjå til og vere pådrivar for at kommunane i Møre og Romsdal er trygge og robuste lokalsamfunn for dei som bur, ferdast eller har sitt virke der.

Dei to viktigaste arenaene for oppfølging og rettleiing av kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er tilsynsbesøka og øvingane som fylkesmannen gjennomfører ute i kommunane. I 2004 var beredskapsseksjonen på tilsynsbesøk i 10 kommunar. Hovudintrykket er at kommunane er godt budde på å takle kriser, men at det er ein del å hente på betre integrering av samfunnstryggleik og beredskapsomsyn i kommunane si ordinære tenesteyting og planlegging.

Fylkesmannen gjennomførte i 2004 krisehandteringsøvingar for 10 kommunar. Øvingane vart gjennomførte i samarbeid med Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt og Politiet. Hovudintrykket etter øvingane er samleis som for tilsyna: Kommunane er godt budde til å takle uynskte hendingar, men kan verte endå betre budde ved å gjennomføre fleire øvingar i eigen regi, helst i samarbeid med andre lokale beredskapsaktørar.

Beredskapsseksjonen stod i 2004 som arrangør for tre større seminar/møte: Det årlege beredskapsseminaret for kommunane, det årlege møtet i Totalforsvarsnemnd Trøndelag og todagars seminar/øving for hamnekommiteane i fylket.

I 2004 vart prosjektfasen for GisLink-prosjektet fullført. Til beredskapsdelen av GisLink vart i 2004 ein oppdateringsmodul utvikla. Sjølv om GisLink no går over i ein ordinær driftsfase, har Fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag planar om vidareutvikling.

Risiko for store fjellskred og flodbølger er truleg den største naturbaserte risikoen for tap av menneskeliv i Norge. Fylkesmannen var i 2004 sterkt involvert i arbeidet med å utgreie ansvarsforhold og med å legge til rette for at omfattande kartlegging og risikovurderingar har kunna bli iverksett. Fylkesmannen er glad for å sjå at både statlege aktørar og kommunane i dei utsette områda har kome langt i arbeidet, og at samvirkemodellen, der alle bereørte aktørar dreg i lag, fungerer. Arbeidet med fjellskredrisiko i Møre og Romsdal vil i åra framover vere organisert i to nivå: Fylkesmannen og fylket vil i samarbeid med nasjonale aktørar gjennomføre eit kartleggingsprosjekt for heile fylket. Dei risikoobjekta som gjennom dette prosjektet vert klassifiserte som kritiske, vil verte arbeidd vidare med i eigne delprosjekt. Gjennom delprosjekta vil det verte gjennomført detaljkartleggingar og etablert varslings- og beredskapssystem. Delprosjekta vil vere eigde av dei berørte kommunane, men fylkesmannen vil vere ein aktiv medspelar. Stranda og Norddal kommune etablerte i desember 2004 eit slikt delprosjekt for risikoobjekta ved Åkneset og i Tafjord. Fylkesmannen er med i styringsgruppa for dette prosjektet.

Året 2004 vart avslutta med heva beredskap hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Gjennom rolla som regional samordnar hadde fylkesmannen fleire oppgåver knytte til katastrofen i Sørøst-Asia. Det er i ettertid godt å sjå at både fylket og landet har lide langt lågare tap enn først frykta. Fylkesmannen vil gi ros til kommunane si takling av denne situasjonen. Samstundes er det viktig å minne om at mange frå Møre og Romsdal var i katastrofeområdet og har kome heim med både fysiske skadar og opplevingar som vil



prege kvardagen deira i lang tid. Det er viktig at alle som har ei oppgåve eller eit tilbod overfor desse følgjer opp.

**For meir informasjon: Fylkesberedskapssjef Ketil Matvik Foldal, 71 25 84 83**

## Få klagesaker på landbruksområdet

Kommunane har fått auka mynde på landbruksområdet frå 2004, og dette gjeld både innafor arealforvaltning og tilskottsforvaltning. Det er dermed kommunane som fatter førsteinstansvedtak medan Fylkesmannen eller fylkeslandbrukstyret er klageinstans på desse saksområda. På område der fylkeslandbrukstyret er klageinstans er fylkesmannen saksførebuar og har innstillande mynde.

Totalt har Fylkesmannen handsama 31 klager på landbruksområdet i 2004, derav er 1 sak returnert til kommunen for ny handsaming medan 30 saker er slutthandsama. Sidan det for nokre av ordningane er første året etter at kommunane fekk mynde til å avgjere sakene, så kan omfanget ikkje jamførast med erfaringstal frå tidlegare år. Fleire av tilskottsordningane gjeld for alle gardbrukarar som driv aktivt landbruk, totalt om lag 3600, og kvar brukar fremmer søknad 3 gonger årleg. Omfanget av jord- og konsesjonslovssaker handsama på fylkesnivå i 2003 var til samanlikning totalt 663 saker. Totalt kan det totale saksomfanget på kommunenivå vere omlag 13.000 einskildvedtak i ulike små og store saker.

31 klagesaker av eit totalt saksomfang på om lag 13.000 einskildvedtak er svært lite og utgjør berre om lag 0,2 %. Det er også tilskottsordningar som kommunane har handsama der det ikkje ligg føre klagesaker, og frå mange kommunar er det i det heile ikkje klagesaker. Fylkesmannen vurderer dette slik at kommunane har god kompetanse på saksområda og gjer ein god jobb med utgreiing og handsaming av sakene. Utfrå erfaringane så langt og handsaminga av klagesakene, så er det for tidleg å ha noko meining om i kva grad kommunaliseringa generelt sett har ført til endringar i praktiseringa og skjønnsutøvinga når det gjeld iverksetting av landbrukspolitikken.

Klagehandsaming på landbruksområdet i 2004:

Sakstype	Tal klagesaker	Vedtaksstadfesta	Vedtaksomgjort heilt eller delvis
Tilskott til avløyning i jordbruket	2	-	2
Produksjonstilskott i jordbruket	7	4	3
Tilskott til særlege miljøtiltak i landbruket	5	4	1
Jordlova, deling av eigedom	9	4	5
Jordlova, omdisponering av jordbruksareal	2	1	1
Konsesjonslova, bu- og driveplikt	3	2	1
Landbruksvegar	2	1	1
Sum	30	16	14

Kontaktperson:	Landbruksdirektør Ole Syltebø	71258126	99233430
	Fylkesjordsjef Kari Wiggen	71258155	
	Fylkesskogsjef Harald Nymoene	71258204	
	Rådgiver Aud-Ingrid Krefting	71258123	

## Utdanning – klage og tilsynssaker

### Tilsyn

#### *Kommunar/Grunnskular:*

Det er gjennomført 6 kommuneretta tilsyn i løpet av 2004.

Hovudfokuset har vore knytt til sentrale område i oppdragsbrevet frå Utdannings- og forskingsdepartementet. Vi kan m. a. nemne skulevurdering, opplæringslovas § 9a elevane sitt skulemiljø, § 2-15 gratisprinsippet, § 5 -1 rett til spesialundervisning, § 8-2 organiseringa av opplæringa og vaksne sin rett til grunnskuleopplæring.

I tillegg har vi fokusert på på korleis kommunane arbeider med kvalitet i skulen , og korleis kommunane følgjer opp for å stimulere og støtte utviklinga i i skulane sine.

Fylkesmannen har gitt pålegg til einsskilde kommunar for brot på opplæringslov eller forskrift knytt til lova. Det er også gitt merknader knytt til skulevurderingsområdet.

### Fylkeskommune/Vidaregåande skular

Det er gjennomført tilsyn med to vidaregåande skular og skuleeigar - fylkeskommunen. Dette er berre halvparten av det vi hadde planlagt. Hovudfokuset vart sett på vurdering og spesialundervisning. Det blei funne avvik og gitt pålegg knytt til opplæringslovas kap. 5 om spesialundervisning.

### Frittstående skular

Det er gjennomført 5 tilsyn knytt til frittstående skular i fylket. Hovudsfokuset har vore knytt til friskulelovas § 2-4 undervisningsrom og utstyr medrekna opplæringslovas § 9a, § 3 -6 spesialundervisning/ ped. -psyk. teneste, § 3 -8 helsetilsyn, § 4-2 kompetansekrav til personalet, § 5 -1 styret, § 6 -2 elevane og dei offentlege tilskotta- skulepengane og § 7 -1 budsjett og regnskapa. Det har vore gitt pålegg om retting av einsskilde avvik. I tillegg er det gjennomført synfaring til 3 friskular i samband med nyetablering og godkjenning med rett til statstilskot.

### Klagesaker

Klage på spesialundervisning i førskule, grunnskule og vaksenopplæring for skuleåret 2004/2005.

Klagesaker etter kap. 5 i opplæringslova dei 4 siste åra:

Heimel	01/02	02/03	03/04	04/05	
§ 5-7	12	13	7	14	Spesialped. hjelp i førskulealder
§ 5-1	82	109	53	80	Spesialunderv. - grunnskulen
§ 5-1	0	1	0		Spesialunderv. – vidareg. skule
§ 5-2	7	9	1	8	Spesialunderv. - vaksne, grunnskulen
SUM	101	132	61	102	

Klagesaker for skoleåret 20042005

Heimel		Medhald	Ikkje medhald	Tilbakesending	Sum vedtak av klageinstansen
§ 5-7	Førskule	10	4	2	14
§ 5-1	Grunnskule	29	51	14	80
§ 5-1	Vidareg. oppl.	-	-	-	-
§ 5-2	Vaksne	7	1	0	8
	SUM:	25	30	16	102

Talet på klagesaker for elevar i grunnskulen viser stor endring frå 2003/004 til 2004/2004. Vi har motteke klagesaker frå 19 kommunar – med variasjon på 1- til 37 klagesaker frå kvar av desse kommunane. – Vi vurderer det slik at det gjennomgåande har skjedd ei fagleg utvikling og kvalitetssikring av det samarbeidet og dei planane/dokumenta som ligg til grunn for dei spesialpedagogiske tiltaka.

Framleis er det nokre kommunar som etter vår klagebehandling inneverande år har fått tilbakemelding frå oss om behov for endringar av rutinar og samarbeid, betring av den faglege kvaliteten på individuelle opplæringsplanar, halvårsrapportar og den sakkunnige vurderinga. I så måte må PP-tenesta ha ei sentral rolle/ansvar i å sikre den faglege kvaliteten på dei spesialpedagogiske tiltaka for det enkelte barn/elev. Slike tiltak bør ha eit inkluderande perspektiv.

Den faglege utviklinga innan dette området, har også skjedd som ein følgje av dei nasjonale prosjekta som har vore gjennomført i vårt fylke (Samtak etc.), samt det fokus vi har sett på dette fagområdet ved kurs/konferansar, nettverksarbeid – og våre tilsynsbesøk. – Sikring av det spesialpedagogiske fagområdet, med særleg fokus på ei velfungerande PP-teneste, vil framleis vere eit prioritert utviklingsområde for oss.

Dette året har vi sendt attende 16 klagesaker, der vi har bedt om fleire og betre opplysningar og/eller sagt frå om at nye dokument skulle utarbeidast og nytt vedtak skulle gjerast. I seg sjølv viser dette at nokre kommunar sender over saker til fylkesmannen, utan at dokumenta i saka er kvalitetssikra av kommunen. (jfr. forvaltingslova § 17).

Vi bad om at klagesakene for 2004/2005 som skulle avgjerast av fylkesmannen, måtte vere sendt inn innan 1. juni 2004. – Berre 5 saker av i alt 102 saker kom til oss innan tidsfristen. Over halvparten av klagesakene kom til oss etter 25. august. - Dette betyr at størstedelen av klagesakene ikkje har vore avgjort i så god tid før skulestart at ei samla og heilskapleg planlegging kunne gjennomførast ved den enkelte skule. Dette er ikkje akseptabelt.

### **Skyss-saker**

I løpet av 2004 har vi behandle 6 skyss-saker der ei av sakene fekk medhald.

### **Andre klagesaker**

Når det gjeld kategorien andre klagesaker omfattar dei klage på undervisning, saker knytt til nærmiljøskulen opplæringslovas § 8 - 1, skuleplassering, det fysiske og psykososiale miljøet opplæringslovas § 9a mobbing m.m. - tilsaman 10 saker.

### **Vidaregåande opplæring**

I løpet av 2004 har vi behandla 5 klagesaker om rett til inntak til vidaregåande opplæring etter §3-1 i Opplæringslova der klagaren fekk medhald i 1 sak, ikkje medhald i 3 av sakene, medan 1 sak vart sendt tilbake til skuleeigar for ny vurdering. Vi har fått inn 4 klagesaker på spesialundervisning etter §5-1 i Opplæringslova der klagaren har fått medhald i to av sakene, ei av sakene er sendt tilbake til skuleeigar for ny vurdering, medan vi har ei sak til behandling.

### **Barnehageområdet**

Vi har behandla 4 saker etter ”Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd” §6. Ikkje nokon av klagarane fekk medhald.

## Klage på karakterar i grunnskulen

Klager på standpunktkarakterar 2002, 2003 og 2004.

Fag	Tal på klager			Ny vurdering			Heva			Uendra		
	2002	2003	2004	2002	2003	2004	2002	2003	2004	2002	2003	2004
Engelsk munnleg	3	7	10	1	2	3		1	2		2	1
Engelsk skriftleg	4	4	3	1	2	0		1		1		1
Heimkunnskap	19	17	13	6	3	1	4	2	1	1	1	
KRL	4	4	5	1	1	1	1				1	1
Kroppsøving	7	16	19	1	6	0	1	6			1	
Kunst og handverk	8	6	8	3	2	3	3		1		2	2
Matematikk	3	6	2		4	0		3			1	
Musikk	11	12	14	4	3	5	4		3		3	2
Natur- og miljøfag	7	5	2		0	0						
Norsk hovudmål, skriftleg	2	4	0	2	0		2					
Norsk munnleg	4	4	4		0	0						
Norsk sidemål, skriftleg	1	3	1		1	1		1	1			
Praktisk prosjektarbeid	1	1			1						1	
Tysk munnleg		1	1		0	0						
Tysk skriftleg		1	1		0	0						
Samfunnsfag	2	6	4	1	3	0	1	1			2	
<b>Sum</b>	<b>76</b>	<b>97</b>	<b>89</b>	<b>20</b>	<b>28</b>	<b>14</b>	<b>16</b>	<b>14</b>	<b>8</b>	<b>2</b>	<b>12</b>	<b>7</b>

	Tal på klager			Avvist			Medhald		
	2002	2003	2004	2002	2003	2004	2002	2003	2004
Orden	3	1	4	2	1	4	1		
Åtferd	1	4	0		1		1	3	

Vi ser at klageomfanget er størst i heimkunnskap, kroppsøving, og musikk.

Statistikken viser at det var færre klagesaker som blei sende tilbake til ny vurdering i 2004 enn i dei to føregående åra:

2002	26,3% til ny vurdering
2003	28,9% til ny vurdering
2004	15,7% til ny vurdering

Vi ser ein gledeleg tendens i 2004. Vi tolkar dette slik at lærarane har fått ein betra vurderingskompetanse. Kan dette ha samanheng med vurderingsskuleringa i samband med innføringa av Nasjonale prøver?

Talet på avgangselevar i grunnskulen i Møre og Romsdal har auka frå 3162 i 2002 til 3524 i 2004. Det er likevel ei merkbar nedgang i talet på klager frå 2003 til 2004. Betra vurderingskompetanse kan også vere grunnen til denne nedgangen.